



Sluttrapport

Tilskot til prosjekt og tiltak for markering av 750 års for Magnus Lagabøtes landslov

Saksnummer 2023/76117

Org. nummer: 29341201

Kontonummer: 3480 13 52954

Styreleiar: Valborg Kløve- Graue

Mob. 99268939

E-post: vkloeve@gmail.com

Om prosjektet

Tema:

Korleis spora innhald frå Landslova i den juridiske praksisen i ei norsk bygd i overgangen mellom 1200- og 1300-talet?

Prosjektet hadde tre delprosjekt:

1. **Juridisk- og språkleg analyse** av aktuelle mellomalderdiplom på grunnlag av to større juridiske saker i Indre Hordaland på slutten av 1200-talet og byrjinga av 1300-talet. Foredrag og samtalar i Finnesloftet

2. **Formidling:** Forstørra opp fotokopiar av dei aktuelle rettsdokumenta i prosjektet til bruk i formidlinga under jubiléet og seinare. Antologi frå prosjekttiltaka?

3. **Foredragsdragsrekkje** med ei avsluttande veitle "Skål gode grannar" i Finnesloftet



Fargelegg ornamentet som viser Kong Magnus og dronning Ingebjørg Eriksdatter, henta frå ei side i Codex Reenhielmianus, eit vakvert eksemplar av landslovboka.

Hovudarrangementa vart lagt Finnesloftet sommar og haust 2024

Utstilling og undervisningsaktivitet for skuleklassar vart arrangert i samarbeid med Voss bibliotek frå 1. september til 30. oktober.

Gjennomføring av delprosjekta

1. **Juridisk- og språkleg analyse** av aktuelle mellomalderdiplom på grunnlag av to større juridiske saker i Indre Hordaland på slutten av 1200-talet og i byrjinga av 1300-talet. Foredrag og samtalar i Finnesloftet.

Velkomne til ein interessant kveld i Finnesloftet
6. august kl 19.00-21:00

Tema: Kva innverknad hadde Landslova på lokale rettsaker på Voss i mellomalderen? Kva kan tekstane i Mellomalderbrev frå Vossebygdene fortelja oss om rettslivet og dagleglivet på Voss? I kveld set me søkeljoset på arvesaka om Finnesgodset den 6. august 1350 mellom Ingebjørg Simonsdotter på Finne og Hallstein Josteirsson på Sæue.

Medverkande: Jusprofessor v UiO Jørn Øyrehaugen Sunde, professor emeritus i nordisk språkvitenskap v UiB Gunnstein Akselberg, bonde og historieinteressert Knut K. Finne

Program:

- Vel møtt og introduksjon til saka ved Knut K. Finne
- Foredrag og innleiing til samtale ved Jørn Øyrehaugen Sunde
- Samtale og drøfting av rettsaka frå ulike faglege og historiske synsvinklar. Høve til spørsmål og kommentarar frå publikum

LANDSLOV JUBILEET
1274 2024

Pris kr 150,- • Billettsal i døra.

Landslovsjubileet i Vestland er eit samarbeid mellom: Vestland fylkeskommune, Bergen kommune, Universitet i Bergen, Bymuseet, Statsforvaltaren i Vestland, Den norske kyrkje, Høgskolen på Vestlandet og 1000-årsjubileet til Møster

Fortidsminneforeninga Voss lokalag
Med stønad frå:
VOSS SPAREBANK
Vestland fylkeskommune

Velkomne til ope foredrag i Voss bibliotek fredag 13. sept. kl 10:00

Tema: Gotisk skrift, skrift og språk. Kvifor skriv vi, og kvifor skal andre forstå det? Ved statsarkivar Yngve Nedrebø, Statsarkivet.

Velkomne til ein interessant kveld i Finnesloftet tys. 17. sept. kl 20:00-22:00
NB! merk tida!

Tema: Kva innverknad hadde Landslova på lokale rettsaker på Voss i mellomalderen? Kva kan tekstane i Mellomalderbrev frå Vossebygdene fortelja oss om rettslivet og dagleglivet på Voss? I kveld set me søkeljoset på ei odelssak i 1293 om jord på Byrkjo på Voss, med omfattande etterspel i 1303.

<https://fortidsminneforeningen.no/hva-skjer/jordeskiftesak-i-1293-med-tungt-etterspel-i-1303/>

Medverkande: Jusprofessor v UiO Jørn Øyrehaugen Sunde, professor emeritus i nordisk språkvitenskap v UiB Gunnstein Akselberg, historieinteressert bonde Knut K. Finne

Program:

- Vel møtt og introduksjon til saka ved Knut K. Finne
- Foredrag og innleiing til samtale ved Jørn Øyrehaugen Sunde
- Kort pause
- Samtale og drøfting av rettsaka frå ulike faglege og historiske synsvinklar. Høve til spørsmål og kommentarar frå publikum

LANDSLOV JUBILEET
1274 2024

Pris kr 150,- • Billettsal i døra.

Landslovsjubileet i Vestland er eit samarbeid mellom: Vestland fylkeskommune, Bergen kommune, Universitet i Bergen, Bymuseet, Statsforvaltaren i Vestland, Den norske kyrkje, Høgskolen på Vestlandet og 1000-årsjubileet til Møster

Med stønad frå:
Fortidsminneforeninga Voss lokalag
Vestland fylkeskommune
VOSS SPAREBANK

Temakveldane i Finnesloftet var godt besøkt, den 6. august var det fullt hus. August er erfaringsmessig ein god månad med tanke på ljøs og varme i Finnesloftet. 17. september var det mørkt då arrangementet starta, men det var ekstra stemningsfullt med «levande» ljøs og lyfter på takbjelkar og langs golvet. Det var eit lydhøyrte og kunnskapsrikt publikum som vart sitjande til langt over oppsett tid, og som deltok i samtale og drøfting etter innleiingane. Mange interessante tema vart drøfta og ljøssett, og lokallaget ynskjer i samarbeid med Middelalderklyngen og -nettverket å vidareføra temakveldar i Middelalderuken 2025, basert på innspel og idear frå den juridiske og språklege analysen og innspel frå publikum. Terje Øye i annonseavdelinga i lokalavisa Hordaland gjorde seg stor flid med utforminga av lysingane våre. Han designa også eige utforming for mobil og nettbrett. Her fekk me gode plasseringar i rulleteksten.

Plakatlar vart spreidd i Bergen, Vik, Balestrand og Kvam, og Voss bibliotek reklamerte for arrangementa på Voss herad si heimeside.

Billettane kosta 150.-, men burde ha kosta meir. Ei viktig erfaring.




2. **Formidling:** Forstørre opp fotokopiar av dei aktuelle rettsdokumenta i prosjektet I bruk i formidlinga under jubileet og seinare.

Gjennom god dialog med Logolink på Voss, vart det utforma fem plansjar/roll-ups til bruk i Landslovutstillinga vår på Voss bibliotek. Dei utgjorde også grunnlaget for to ulike undervisningsprosjekt for elevar frå Voss Gymnas.

Knut K. Finne har lagt ned eit omfattande arbeid i utarbeiding av tekst og innhald til plansjane, der utdrag frå rettsaka om Byrkjo er framstilt gjennom opphaveleg dokumenttekst, norrønt og nynorsk. Ved hjelp av fargekoding har Knut gjort det lettare å orientera seg i teksten både når det gjeld handling og progresjon i saka, og medverkande aktørar. Han har i tillegg utarbeidd eit forklaringshefte om saka om Byrkjo. Plansjane vart nytta som grunnlagsmateriale for

- a) eit opplegg om gotisk skrift og skriftkultur for KDA-elevar
- b) eit opplegg for elevar frå 1. og 2. klasse rettslære valfag.




Inge Draugsvoll ved Logolink utarbeidde teikninga (s.1) som fargeleggingsoppgåve. Den låg framme i utstillinga i Voss bibliotek, saman med fargeblyantar supplert med gull, sølv og bronse. Plansjane, orienteringsheftet og fargeleggingsoppgåva er ei investering for framtida.



Saka om Byrkjo, eit undervisingsopplegg for elevar i rettslære valfag på Voss gymnas

Elevane arbeidde med saka i forkant av temadagen, for så å få ei grundig innføring i sentrale og utfordrande spørsmål knytt til rettssaka. Korleis ville elevane løyst saka sjølve? Kva innspel har dei til saksgang og aktørar? Korleis vil dei framstilla odels-saka med eigne ord? Kunne dette vore ei dagsaktuell sak på Voss?

Fagdagen vart svært interessant, og lærarane på Voss gymnas ynskjer vidare samarbeid med lokallaget. Planen er å utarbeida opplegg for temadagar med historisk djupdykk, for fleire fagretningar med utgangspunkt i læreplanmål.




Gotisk skrift og skriftkultur, eit undervisningsopplegg for elevar ved Kunst, design og arkitektur ved Voss gymnas.



Som det går fram av lysingane på s.2, var det i tillegg til føredraga i Finnesloftet også eit ope føredrag i Voss bibliotek. Tema var «Hvorfor skriver vi, - om gotisk skrift og skriftkultur» Det var eit tankevekkande føredrag ved statsarkivar Yngve Nedrebø- om nytteverdien av å kunna lesa gamle manuskript, og ei oppmoding til ungdommen om at dei lærer seg å lesa og tyda gotisk skrift. I etterkant vart elevane instruerte og inspirerte av kalligraf Bas Vlam. Han hadde utarbeidd eit alfabet på grunnlag av skrifta i dokument et om odelssaka om Byrkjo. Elevane vart oppglødde og sat med skriveøvingar til klokka 15:00 ein fredagsettermiddag. Elevarbeid frå undervisningsøkta vart utstilt i biblioteket. Lokallaget har søkt kulturmidlar frå Voss herad for 2025 til vidareutvikling av dette

undervisningstilbodet.





3. **Foredragsdragsrekke** med ei avsluttande veitle "Skål gode grannar" i Finnesloftet. Voss lokallag vart spurt om å inngå eit samarbeid med Vestnorsk Kulturakademi om eit jubileumsarrangement knytt til Kristenretten, ølbryggingstradisjonar og opning av kveikbanken. Deltakaravgift gjorde at arrangementet stort sett var sjølvberande. VKA var hovudarrangør. Dette arrangementet overlappa delvis «Skål gode grannar». Dermed vart det bestemt at dette vert utsett til september 2025, og me vil synkronisera arrangementet med Middelalderuken.

Frå omtalen av Jubileumsarrangement i Finnesloftet laurdag 17.08.2024:

Det er i år 1000 års jubileum for Kristenretten, som vart innført av Olav Haraldson og biskop Grimkjell og vedtatt på Mostratinget i 1024. I denne lova vart det mellom anna påbod om å bryggja øl to gonger om året og servera arveøl eller gravøl. Gjorde ein ikkje dette kunne ein få bot og til sist mista gard og grunn.

Ølbryggjartradisjonane har halde seg heilt fram til i dag i Indre Vestland og vi har ein levande kulturarv knytt til heimabrygging av øl med kveik, som må takast vare på. Forskinga som VKA og NIBIO har gjort dei siste åra viser at gjærsoppen kveik er svært gammal og i alle fall over 1000 år. Vi sit difor truleg med den eldste levande immaterielle kulturarven på ølbrygging i verda.

Vestnorsk kulturakademi, saman med Fortidsminneforeningen avd Voss, vil setje fokus på 1000 års jubileet og ha eit arrangement i Finnesloftet og på Tvildemoen laurdag 17.08.2024.

Arrangementet vil starta i Finnesloftet med foredrag og ølsmaking (kveikøl) med litt å bite i. Deretter buss til Tvildemoen, der det vil bli omvisning m a i Kveikbanken og det heile blir avslutta med middag (kortreist tradisjonmat) på Vestnorsk kulturakademi. Arrangementet startar kl 16 og varer til kl 22

Foredrag

Retthistorikar Jørn Øyrehagen Sunde: Om kristenretten, øl, ølhus, gilde og gildeskål.

Knut Finne: Om Finnesloftet

Atle Ove Martinussen (VKA): Om gjærsoppen kveik

Hans Geir Eiken (NIBIO): OM DNA-forskinga på kveik

Ølsmaking

Buss til Tvildemoen

Omvisning i Kveikbanken (Laboratorium). Demonstrasjon av dyrking av kveik.

Middag på Vestnorsk kulturakademi



Frå middagen på Vestnorsk kulturakademi





Golvask med varmt vatn før jubileumsarrangement